

**BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

Protokoll nr. 07/17

Møte 24.10.2017

Tilstades: X

**Medlemmer:**

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- X Asbjørn Ringdal Gausdal
- X Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

**Varamedlemmer:**

- Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- Anton Iversen

**Administrasjonen/Stab:** Økonomidirektør Heidi Nilsen  
Randi Spjelkavik Ramnefjell, sekretær

**Andre:** Merete Hagbø,  
Fagdirektør Jo-Åsmund Lund(på skype)

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Molde sjukehus – Festsalen.

Brukarutvalsmøte starta med at leiar Ingrid Løset starta med å ønske alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

**BU 2017/53** Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 06/17 frå møte 26.09.2017.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste til møte 24.10.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 24.10.2017.

Protokoll nr. 06/17 som vart godkjent i møte 26.09.2017, vart underskriven av brukarrepresentantane.

**BU 2017/54 Orientering frå Økonomi direktør**Innstilling:

Økonomi direktør vil i møte orientere om aktuelle saker i helseføretaket

Vedtak:

Brukerutvalet tek saka til vitande.

**BU 2017/55 Tilbod barn og unge i HMR – Pediatritilbudet i Helse Møre og Romsdal**Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/61 – Tilbod barn og unge i HMR – Pediatritilbudet i Helse Møre og Romsdal

Styret skal behandle saka i styremøte 25.10.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal vil gi honnør for ein god pediatriplan.

Brukarutvalet vil særleg peike på nokre punkt i pediatriplan:

1. støttar døgnopen barneavdeling ved SNR
2. barnehabiliteringa i Ålesund må snarast få tenelege lokalar
3. brukarutvalet vil understreke at det må utarbeidast ein plan/rutiner ved overgang frå barn til vaksen
4. brukarutvalet ber om at det blir fastslått at barneavdelinga skal vere for barn, og at ein ikkje skal plassere barn og vaksne på same avdeling
5. brukarutvalet viser elles til uttalen frå brukarrepresentanten i arbeidsgruppa, jfr vedlegg 2 (side 78f).

**BU 2017/56 Høyring Utviklingsplan**

Vedlagt følgjer styresak 2017/62 – Høyring Utviklingsplan

Styret skal behandle saka i styremøte 25.10.2017.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal setter ned følgjande arbeidsgruppe som vil arbeide vidare med utkast til høyringsuttale til utviklingsplan:

- Ann-Helene Skare
- Ingrid Løset
- Asbjørn R Gausdal
- Hilde Marie Kleiven
- Jakob Strand

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal setter ned følgjande arbeidsgruppe:

- Ann-Helene Skare
- Ingrid Løset
- Asbjørn R Gausdal
- Hilde Marie Kleiven
- Jakob Strand

Som vil arbeide vidare med utviklingsplan

**BU 2017/57      Budsjett HMR 2018**Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2017/63 – Budsjett HMR 2018

Styret skal behandle saka i styremøte 25.10.2017.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til orientering. Brukarutvalet er uroa over om føringar i budsjettet vil føre til eit redusert pasienttilbod.

**BU 2017/58      Orienteringssaker**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

1. Forprosjektrapport SNR
2. Betaling av mat på sjukehushotellet
3. Orientering om oppstart av Ungdomsrådet HMR
4. Dialogmøte 30.10.2017 – utviklingsplan HMR
5. Oppnemning av medlemmer til Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal 2018 – 2019

Vedtak:

1. Brukarutvalet tek saka til orientering
2. Saka vert satt opp som eiga sak til møte i november
3. Brukarutvalet tek saka til orientering
4. Brukarutvalet tek saka til orientering. Ingrid Løset og Ann-Helen Skare deltek frå Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal
5. Brukarutvalet tek saka til vitande

**BU 2017/59 Referatsaker**Protokoll:

1. RBU protokoll 16.10.2017

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til orientering

**BU 2017/60 Møteplan 2018**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til vitande.

Vedtak:

1. Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal skal ha møte i forkant av kvart styremøte, der mellom anna styresaker skal stå på sakslista.  
Med visning til styret sin møteplan blir det brukarutvalsmøte:
  - 13.02.2018
  - 15.03.2018
  - 12.06.2018
  - 11.09.2018
  - 23.10.2018
  - 03.12.2018
 Om styret endrar sin møteplan har leiar fullmakt til å justere brukarutvalet sin møteplan.
2. Om det kjem andre saker som bør handsamast i brukarutvalet, kan leiar i brukarutvalet kalle inn til ekstra møter.
3. Leiaren i brukarutvalet har fullmakt til å setje opp møtestad. Brukarutvalet ber om at minst 2 av møta blir lagt utanom Ålesund. Dette utifrå at Brukarutvalet skal representere heile Møre og Romsdal.
4. Møtetidspunkt: Møtestart kl 10:00 med målsetting om å avslutte ca kl 15:00

**BU 2017/61 Eventuelt**

1. Følgjande møter til styremøter:
  - 25.10.2017 – Ingrid Løset og Jakob Strand
  - 29.11.2017 – Ingrid Løset og Hilde Marie Kleiven

2. Viser til BU 2017/49-6 Høyring – justerte retningslinjer når personer med spesielle oppfølgingsbehov får behandling i helseforetaket med bistand av kommunalt tilsett personell, frå møte i Brukarutvalet 26.09.2017.
- Vedlagt forelegg kommentar frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF

**BU 2017/62 Godkjenning av protokoll nr. 07/17 frå møte 24.10.17.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 07/17 frå møte 24.10.17.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 07/17 frå møte 24.10.17.

Møtet slutt kl. 14:55

\_\_\_\_\_  
Ingrid Løset

\_\_\_\_\_  
Ann Helene Skare

\_\_\_\_\_  
Jakob Strand

\_\_\_\_\_  
Atle Tangen

\_\_\_\_\_  
Anne Grete Mogstad

\_\_\_\_\_  
Hilde Marie Kleiven

\_\_\_\_\_  
Asbjørn Ringdal Gausdal

\_\_\_\_\_  
Torill Bøe

\_\_\_\_\_  
Ingrid Nossen Sandvik



**Høyring - justerte retningslinjer når personar med spesielle oppfølgingsbehov får behandling i helseføretaket med bistand av kommunalt tilsett personell.**

Kommentar frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF.

Det er viktig at personar med spesielle oppfølgingsbehov, som har behov for medisinsk behandling, får rask og uhindra helsehjelp på rett behandlingsnivå. Det må derfor vere klare og tydelege retningslinjer slik at det ikkje oppstår situasjonar som hindrar dette.

Når det gjeld punkt 4. Behovsavklaring, er det viktig at pasienten eller den som representerer pasienten blir involvert i avgjerda. Det er ynskjeleg at dette kjem tydelegare fram i avtaleteksten.

Når det gjeld barn, er det spesielt viktig at overgangen frå barneavdeling til vaksenavdeling blir trygg, forutsigbar og godt planlagt.

Det er også viktig at helsepersonell, både i kommunane og helseføretaket, er godt orientert om avtalen, slik at det ikkje oppstår tvil om framgangsmåte, ansvarsforhold og kven som skal kontaktast.

Denne avtalen gjeld ei sårbar gruppe pasientar som ofte treng litt lang tilrettelegging. Ein må derfor prøve å få til god og trygg helsehjelp.

**Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF**

